



MODALEN BARNEHAGE

5729 MODALEN  
Att.Grete Urdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Per Sindre Thoresen Aaland, 5764 3109

## Tilskot til symjeopplæring for barn i barnehage 2022 - Modalen barnehage - Modalen kommune

Statsforvaltaren i Vestland viser til søknad om tilskot til symjeopplæring for barn i barnehage frå Modalen barnehage i Modalen kommune, datert 6. september 2022.

### Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren tildeler **kr 8 775** til symjeopplæring for barn i Modalen barnehage, org. nr. 975309185, i Modalen kommune, for kalenderåret 2022.

### Utrekningsmåte

Barnehagen har søkt om symjemidlar for 9 barn. Der det er meldt behov for 975 kroner for å transportere borna til symjehallen.

### Kor og når tilskotet blir utbetalt

Tilskotet blir utbetalt med det første til kontonummer 3625 07 72194.

### Formål og føresetnader

Tilskotet skal bidra til at kommunar, frivillige organisasjonar og barnehagar kan gjennomføre tiltak for å gi barn i alderen 4-6 år i barnehagar tilstrekkeleg symjeopplæring slik at barna blir trygge i vatn. Målet er at barna skal bli betre til å symje.

Opplæringa skal skje i barnehagen si opningstid og skal i hovudsak gå føre seg i basseng. Dersom det er problem med bassengtilgang, kan tilskotet brukast til symjing i sjø og innkjøp av våtdrakter. Tilskotet kan og elles bli brukt til innkjøp av våtdrakter. Ei føresetnad er at formålet med innkjøpet er å bruke dei til symjeopplæring, ikkje å bruke dei til strandtur, lek i vasskanten og liknande. Våtdraktene må brukas på ein måte som gir barna betre symjedugleikar, og gjer dei tryggare i vatn. Midlar kan òg brukast til å dekke reiseutgifter til/frå symjehall. Jenter og gutar skal ha eit likeverdig tilbod

Ubrukte midlar kan berre bli overførte til neste budsjettår etter søknad til Statsforvaltaren



### **Frist for rapportering**

Frist for rapportering er sett til **1. desember 2022**.

Skjema for rapportering ligg på Statsforvaltaren i Vestland si heimeside.

### **Kontroll og forbehold**

Statsforvaltaren og Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at tilskotsmidlane blir brukte etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12. Dersom føresetnadene for å få tilskot ikkje er oppfylte, kan Statsforvaltaren krevje tilbake tilskot.

Ved feil i utrekninga kan avrekning gjerast i eventuelle komande tildelingar. Tilsegn om tilskot er gjeve med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet kap. 231 post 70 for aktuelt budsjettår.

### **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket. Dersom du vil klage, er fristen tre veker frå du har motteke vedtaket. Klagen må nemne kva for endring du ønskjer, og bør vere skriftleg og grunngjeven.

Du sender klagen til Statsforvaltaren i Vestland. Dersom Statsforvaltaren ikkje er samd i klagen din og difor ikkje endrar vedtaket, vil vi sende klagen til Utdanningsdirektoratet som er endeleg klageinstans.

Du har med nokre få unntak, rett til å sjå dokumenta i saka. Regelverket for å sjå dokumenta i saka finn du i forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Mats Petter Sydengen  
seksjonsleiar

Per Sindre Thoresen Aaland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*